

## MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 28.- 29. sept. 2023

Stad: Kamben hotell, Gol

### Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Petter Rukke	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Tore Haraldset	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

### Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Anders Halland	Nesbyen kommune

### Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar  
Maria Grevsgård, prosjektleiar Sats på Hallingdal  
Jorun Utne, Regionalutviklar  
Annette Flaten, prosjektleiar

### Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:

#### Forfall

Ola Frogner	Hemsedal kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

**SAK 49/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26. JUNI 2023****Vedtak:**

Protokollen 26. juni 2023 er godkjent.

**SAK 50/23 FINANSIERING AV BEREKRAFTIG REISEMÅL – REMERKING****Vedtak**

1. Regionrådet rår kommunane Hol, Ål, Gol, Nesbyen og Hemsedal til å vera med på å finansiere ei regional stilling øyremerka remerking av berekraftig reisemål med 10% av ei 100% stilling i 2 år. Dette vil utløse tilsvarande beløp frå sparebankstiftelsen Hallingdal.
2. Regionrådet ber dagleg leiar sette i gong ein dialog med Sparebankstiftelsen om prosessen vidare.
3. Regionrådet rår alle kommunar til å gå i dialog med destinasjonsselskapa for å finne svar på følgande:
  - Organisering av destinasjonsleiinga, organisering av remerking, samt rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom partane.
  - Kor stor ressurs er det behov for lokalt for å få til remerking, og korleis dette kan finansierast på kort sikt og på lang sikt.

**SAK 51/23 NTP DRØFTING. KVEN- OG KORLEIS SKAL REGIONRÅDET PÅVERKE**

Følgjande saker vart drøfta:

1. Gjeldande NTP – prosess fram mot vedtak av statsbudsjett
2. Ny NTP – prosess mot regjering før nyttår – mot storting etter nyttår
3. Div
  - Samferdselsutval
  - FNB
  - Samferdselsstilling

**Vedtak:**

1. Det blir sett ned eit arbeidsutval for samferdsel (AUS), som ei prøveordning. AUS består av Petter Rukke, leiar, Tor Egil Buøen, Jan Olav Helling, Ole Johnny Stavn.
2. AUS skal arbeide med samferdselsrelaterte saker av alle slag og utgreie tiltak på kort sikt og tilrådingar på lang sikt. Dette kan vera høyringar til statsbudsjett og NTP, og påverknad mot stat, fylke og andre relevante instansar. I tillegg ynskjer Regionrådet at AUS jobbar fram ein «samferdselskalender» og eit «orgkart for samferdsel»
3. AUS legg fram saker til Regionrådet.
4. Regionrådet sin representant i styret i Forum nye Bergensbanen (FNB) avklarar status og framdrift i FNB så snart som mogeleg.

**SAK 52/23 INFO OM PROSJEKT BEREDSKAP TORPOMOEN**

Jørund Li og Jørn Gunnar Jacobsen orienterte om tankane rundt eit regionalt beredskapsenter på Torpomoen. Sjå presentasjon

**SAK 53/23 EVALUERING AV REGIONRÅDET 2019 – 2023****Kva er bra – kva er suksesskriterier?**

- Regrådsmøtene MÅ prioriterast - også av KRU
- Det sosiale er viktig – kjenne kvarandre utanom jobb
- Informere alle kommunestyrer om Regionrådsarbeid - Jan Olav ut til kommunane og ev inn i folkevaltopplæringa.
- Me må vera tolmodige og rause med dei nye og inkludere dei i vårt arbeid og vårt nettverk
- Regionrådet må stå samla utad, fronte felles bodskap og tilstrebe felles historieforteling
- Det er viktig å informere kvarandre tidleg
- Vær ærlige og rause med kvarandre - ta gnissingar, konfliktar, ueinigheiter tidleg og ha tru på at alle ha gode hensikter
- Dei som møter i Regråd har regionalt fokus ikkje partifokus - Hallingdal fysst

**Kva skal me gjera mindre av?**

Vurdere færre besøk utanfrå - eller prioritere hardare?

Mindre lokaliseringsdebattar

**Kva skal me gjera meir av?**

- Meir fokus på «Koss har me det» jobb, samarbeid ev. personlege ting
- Opne lokaliseringsdebattar - snakke om lokalisering på generelt grunnlag
- Snakke om korleis me «praktiserer» rausheit og tillit
- Vurdere å legge møte ute hjå bedrifter
- Lære meir om den kommunen me har møte i ev. ha befaring på aktuell teneste/objekt i den kommunen me er i.
- Bruke fylkespolitikarar betre og meir aktivt
- Bli flinkare til å informere eige kommunestyre og eige kommune om kva som skjer i Regionrådsmøte
- Meir samkøyring til og frå møte
- Vurdere deltaking på Arendalsviku
- Teamsprat eller fysisk møte mellom regionrådsmøtene.
- Samprate i forkant der me skal representere og oppdatere dei andre der me har representert
- KRU meir på banen?
- Vera flinkare til å synleggjera «spekteret av samhandlingstiltak»
- Betre kommunikasjon med HOF, TLF, OLF. T.d ha temarelaterte regionråd på ulike kommunale tenester eller andre regionale verksemder.

**SAK 54/23 KORLEIS FÅ EIN GOD START PÅ NESTE REGIONRÅD?****innspel til 1. samling**

- Invitere varaordførarar?
- Fadderordning for dei nye ordførarane
- Ha ein god plan for fordeling av posisjonar og verv som skal fordelast
- Tilby opplæring og gjennomgang av ulike saker for dei nye

**SAK 55/23 SØKNAD SKARVERENNET****Vedtak:**

Regionrådet avslår søknaden frå Skarverennet om jubileumsarrangement

**SAK 56/23 CAMPUS HALLINGDAL. FORPROSJEKTET ER I MÅL - KVA NO****Vedtak:**

1. Regionrådet for Hallingdal støttar styringsgruppa sitt forslag om at forprosjektet blir avløyst av eit etableringsprosjekt frå 1.10.2023.
2. Endeleg prosjektplan for etableringsprosjektet skal handsamast i oktober 2023, etter at statsbudsjettet er vedteke.
3. Regionrådet for Hallingdal takkar for vel utført arbeid så langt og ber om at sluttrapport forprosjekt blir levert i løpet av oktober 2023.
4. Regionrådet støttar styringsgruppa for forprosjektet sitt forslag om å vidareføre tre-parts samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN.
5. Regionrådet for Hallingdal ser det som naturleg at Regionrådet for Hallingdal står som prosjekteigar av etableringsprosjektet Campus Hallingdal.
6. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune skal i etableringsprosjektet legge til rette for utviklinga av eit fleircampuskonsept i Hallingdal. Dette skal tene heile landet i tillegg til å møte regionen sine eigne kompetansebehov. Det blir lagt til grunn for Campus Hallingdal at det er eit permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling.
7. Det er eit klart mål at Campus Hallingdal er etablert og i drift frå hausten 2024
8. Etableringsprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.  
Dagleg leiari rår til at organisering i forprosjekt bør vidareførast i etableringsprosjektet.

Prosjekteigar: Regionrådet for Hallingdal

Prosjektansvarleg (PA): Ordførar i vertskommune (Gol kommune)

Prosjektleiar (PL): Knut Arne Gurigard

Styringsgruppe: Representantar frå Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og USN, ev. andre?

9. Etableringsprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 1.000.000 der finansiering er endeleg avklart i samband med prosjektplan.
10. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at etableringsprosjektet er avslutta innan 1.12.2024.

**SAK 57/23 EVENTUELTT****Bustadprosjektet**

Jorun Utne orienterte om bu og blilystprogrammet som me er i ferd med å etablere. Ho orienterte også om to ulike, men samordna initiativ som har til hensikt å auke bustadbygginga i Hallingdal. Sjå vedlegg,

**Besøksforvaltning**

Pål reiste spørsmålet. Skal det jobbast med ei regional besøksforvaltning i Hallingdal?

Dette kan vera ein del av «Bu og blilyst» og av «Berekraftig reisemål»

Administrasjon sjekkar ut dette...

### **Hallingting i november**

- Skal me gjera noko moro - relasjonsbygging
- Introduksjon til regionalt samarbeid
- Kva er Hallingting - Vedtekter
  - Korleis fungerar det regionale samarbeidet.
  - Kva resultat kan me vise til historisk og kva jobbar me med no
  - Korleis samarbeider me regionalt
- Strategisk plan for Hallingdal – Status
- Vidju. Orientering v/Torleif Dalseide
- Årsbudsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2026.
- Regionalt politiråd.
- Sats på Hallingdal» Regional omstilling – ev med eksempel.
- Bu og blilyst?
- Samferdselssaker
- Felles opplæring?
- LVK – Vidju -
- Regionrådsinfo i alle kommunar?

Hallingdal 5. okt 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar